



Bakgrunn for vedtak

**Søknad om konsesjon for uttak av
vatn frå Salbuelva og regulering av
Ramsgrøvatnet til produksjon av
settefisk**

Hyllestad kommune i Vestland fylke

Tiltakshaver Salbu Produksjon AS
Referanse
Dato 01.07.2020
Ansvarleg Gry Berg
Sakshandsamar Bård Andreas Selstad Ottesen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.setjas automatisk inn ved ekspedering

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9

7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B

6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

Samandrag	1
Søknad	3
Høyring og distriktsbehandling	6
NVE si vurdering	13
NVE sin konklusjon	20
Forholdet til anna lovverk	21
Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova.....	22
Andre forhold	25

Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn frå Salbuelva og regulere Ramsgrøvatnet i Hyllestad kommune.

Salbu Produksjon AS ynskjer å nytte vatnet i Salbuelva til smoltproduksjon. Det vert søkt om eit vassuttak på inntil 167 l/s frå Kviadammen i Salbuelva kring kote 15. Det vert og søkt om å regulere Ramsgrøvatnet, mellom kote 143,3 (LRV) og kote 145,0 (HRV). Vatnet vert sleppt frå Ramsgrøvatnet via Salbuelva til inntaksdam ved Kvia. Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket i Salbuelva er i all hovudsak allereie etablert. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 55 l/s frå Ramsgrøvatnet og 100 l/s frå inntaksdam ved Kvia.

Hyllestad kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet som omsøkt. **Fylkesmannen** vil ikkje rå frå at det vert gjeve konsesjon til planane, men meiner det bør etablerast vandringsveg for anadrom fisk forbi inntaksdammen.

Fiskeridirektoratet har ingen merknader. **Statens vegvesen** har ingen direkte merknader til planane, men viser til at det vert lagt opp til etablering av betongdam med overlaup som sikrar å ta unna ein 500-års flaum utan at vatnet kjem opp i fylkesvegen. **Høyringsuttale frå 5 grunneigarar i Høydal** stiller ei rad spørsmål knytt til prosjektet. NVE vurderer at dette er spørsmål som må rettast til søkjar.

Høyringsuttale frå seks rettshavarar i Salbuelva tek opp privatrettslege spørsmål knytt til vassrettar til kraftverk eller kverner, og kompensasjon for redusert vassføring i Salbuelva. **Kåre Vassenden** meiner at risikovurderinga slik den kjem fram i søknaden er mangelfull. Det vert vidare vist til privatrettslege forhold som må avklarast når det gjeld tilgang til Ramsgrøvatnet med båt.

Havbruksgruppa i Hyllestad kommune ser positivt på etableringa.

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til settefiskanlegget må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå. I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Salbu produksjon AS sitt anlegg vil gi eit betydeleg bidrag til produksjon av smolt og auke i verdiskaping i regionen.

Dei største konfliktane med utbygginga er knytt til biologisk mangfald. Det vandrar sjøaure og ål opp i vassdraget. NVE vurderer at dagens fiskesperre ved Kviadammen, er til stor skade og ulempe for sjøaure og ål. NVE meiner at det er ein føresetnad at sjøaure og ål skal kunne passere inntaksdammen ved Kvia. Dersom det blir etablert fisketrapp og det blir sleppt minstevassføring frå inntaksdam, meiner NVE at tiltaket vil få ein positiv effekt med tanke på sjøaure og ål. Ved etablering av ny dam ved utløpet av Ramsgrøvatnet er det viktig at aure og ål vert sikra passasje forbi dammen. Med

føresetnad om at avbøtande tiltak vert gjennomført, meiner NVE at verknadane for allmenne interesser kan akseptast.

NVE vurderer at etablering av dam og regulering av Ramsgrøvatnet vil gi noko negativ verknad for landskap- og friluftinteresser. NVE vurderer samtidig at bygging av fisketrapp og opning av ei lenger strekning av elva for anadrom fisk vil vere positivt for fiske og friluftsliv.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av ei redusert regulering og eit redusert vassuttak er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Salbu Produksjon AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet til produksjon av settefisk. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad frå Salbu Produksjon AS, datert 09.07.2018:

«Søknad om konsesjon for regulering/uttak av vann til smoltproduksjon

Salbu Produksjon AS, ønsker å utnytte vannet i Salbuelva i Hyllestad kommune i Sogn & Fjordane fylke til smoltproduksjon, og søker herved om følgende tillatelser:

I Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- å regulere Ramsgrøvatnet vann mellom LRV på kote 143,3 og HRV på kote 145,0
- å tappe magasinert vann fra Ramsgrøvatnet til naturlig utløpselv (Salbuelva)
- å ta ut vann fra Salbuelva ved Kvia (ca. 400 m ovenfor utløp i sjøen) til drift av smoltanlegg

Nødvendig opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning.»

Hovuddata for Salbu Produksjon AS sitt planlagde settefiskanlegg ved Salbu

TILSIG		Salbuelva	
Nedbørfelt	km ²	18,8	Til inntak i Salbuelva ved Kvia
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	54,3	Til Kvia
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	86,4	1986-2016
Middelvassføring	m ³ /s	1,68	Til Kvia
Alminneleg lågvassføring	l/s	55 / 102	Ramsgrøvatnet / Kvia
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	60 / 110	Ramsgrøvatnet / Kvia
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	57 / 110	Ramsgrøvatnet / Kvia
VASSDRAGSANLEGGET			
Inntak	moh.	144,3 / 15	Ramsgrøvatnet / Kvia
Lengde på påverka elvestrekning	km	3,8	Blir urørt/som i dag
Lengde på vassleidning	m	300	Frå Kvia til smoltanlegg
Tal røyr vassvegen består av	stk	Ligg 2 røyr i dag	For ekstra sikring vert det lagt ny 315 mm PE
Vassleidning, diameter	mm	200 og 250	Eksisterande
Total maksimal kapasitet på røyr	l/s	375	Kapasitet 3 røyr totalt
Omsøkt maksimalt vassuttak	l/s	167	
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	55 / 102 *	Ramsgrøvatnet / Kvia
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	55 / 102 *	Ramsgrøvatnet / Kvia
MAGASIN			
Areal Ramsgrøvatnet	km ²	0,540	
Magasinvolum	mill. m ³	1,0	
HRV	moh.	145,0	Underkant landkar 145,79
LRV	moh.	143,3	Elvebotn 143,61

* Skulle det oppstå ein unormal situasjon med mykje lengre tørreperiodar enn det som historisk er registrert og magasinet såleis vert tappa tomt så vert naturleg tilsig sleppt frå Ramsgrøvatnet.

Om søkjar

Salbu Produksjon AS er eit selskap med tre aksjonærar som kvar har eig 1/3 i selskapet. Øyvind Høie er styremedlem, Halvar Horne er dagleg leiar og Arve-Rune Holmeseth er styreformann.

Salbu Produksjon AS søker om å vidareføre og formalisere eit allereie eksisterande vassuttak frå Salbuelva i Sørbøvåg i Hyllestad kommune. Hovudgrunnen for tiltaket er å skaffe driftsvatn til smoltproduksjon med utgangspunkt i dagens beste tekniske løysningar.

Skildring av området

Salbuwassdraget (082.12Z) har eit nedbørfelt på 18,8 km² ned til Kvia dam. I vassdraget er det tre innsjøar, Hydalsvatnet og Leitetjørna begge på kote 169, og Ramsgrøvatnet som ligg på kote 144. Nedbørfeltet har to hovudgreiner, den nordlege som samlast i Ramsgrøvatnet er ca. 9,5 km² (583-144 moh.), og restfeltet nedstraums Ramsgrøvatnet som er ca. 9,3 km² (504-15 moh.). Lengda på vassdraget frå Ramsgrøvatnet til sjø er ca. 4,2 km.

Fylkesveg 607 Ønadalsvegen går langsetter vassdraget frå Salbu til nordenden av Ramsgrøvatnet. Frå sørenden av Ramsgrøvatnet går det ein kommunal veg austover til Høydal, her ligg tre gardsbruk i drift. Ved Ramsgrøvatnet er det eit nedlagt småbruk, elles ingen busetnad. Frå Ramsgrøvatnet mot Åfjorden er det ingen busetnad før ein kjem ned mot fjorden.

Frå Ramsgrøvatnet renn Salbuelva (3,8 km) ned til et lite magasin ved Kvia. Nedanfor dammen er det eit lite stryk på nokre titals meter før Salbu bru. Herifrå og ned til elvemunningen mot Åfjorden er det kanalisert elveleie med nokre småstryk. Frå Kvia og til Åfjorden er det ca. 350 meter.

Det vart bygd tredam ved Kvia i Salbuelva i ca. år 1890, til industriformål. Dammen vart fornya i 1940 med betong og stein (prosentstein). Rundt 1990 vart dammen forsterka med betong på oppstraums side for å trygge dammen og vassforsyninga til Ulvik settefisk. Det ligg i dag to plastrøyr som er nedgrave frå magasinet Kvia, og ned til industriområdet ved sjøen. På industritomta ved sjøen er det framleis noko utstyr frå det tidlegare smoltanlegget. Arealet på industriområdet er ca. 7,45 daa.

Teknisk plan

Det planlagde smoltanlegget på Salbu treng driftsvatn som er tenkt henta frå Salbuelva. For å trygge vassforsyninga til anlegget, og for å redusere miljøkonsekvensane av eit slikt vassuttak, er det planlagt å nytte Ramsgrøvatnet som magasin med reguleringshøgde på 1,7 meter.

Regulering og dam ved Ramsgrøvatnet

Dammen i Ramsgrøvatnet blir utforma slik at naturleg flaumvasstand ikkje skal auke. Normal vasstand i Ramsgrøvatnet er ca. kote 144,30. Lågaste punkt i elvebotnen i utløpet frå Ramsgrøvatnet er kote 143,6. Planen er å seinke utløpet frå vatnet til kote 143,3 som blir LRV. HRV er planlagt til kote 145 som gir ei reguleringshøgde på 1,7 meter og eit magasin på ca. 1 mill. m³. Dammen blir ein betongdam med overløp på mellom 15 og 16 meter som sikrar å ta unna ein 500-års flaum utan at vatnet kjem opp i fylkesvegen der lågaste punkt ligg vel ein meter over HRV. Det skal byggjast fisketrapp og åle-passasje i dammen.

Inntak

Ved noverande inntak ved Kvia er det planar om å ta ut all lausmasse i bassenget og å bygge erosjonssikring mot eksisterande landbruksområde. Dagens volum av dammen i Kvia er grovt anslått til ca. 2000 m³. Ein har også planar om å ta ut noko fjellmasse med formål å få eit magasin på ca. 9000 m³ med vatn, utan å løfte eller å forlengje bassenget. Det er også planlagt å opparbeide ein fangdam

eller sedimentfelle i innløpet til Kviabassenget for å kunne ta ut masse som elva transporterer. Dagens dam i Kvia blir ikkje påverka. Den steinen som vert sprengd vekk for å auke volumet skal nyttast som omfyllingsmasse for røyrtrasear og som planeringsmassar/bakfyll til konstruksjonar.

Vassveg

Røyrtraseen frå Kvia inntaksbasseng og fram til smoltanlegget ved industriområdet er om lag 300 meter. Røyra som vart nytta av Ulvik settefisk ligg nedgrave og er tenkt nytta til same formål ved det nye smoltanlegget. Røyra er frå midten av 1980-talet og det må etablerast eit parallelt røyr som dekkjer heile behovet. Røyrret er planlagt i dimensjon Ø315 utvendig, dette vert gjort for blant anna å sikre vassstilførselen, ei stabil vassføring og sikkerheit dersom det skulle førekome eit brot på eksisterande leidningar. Eksisterande leidningar har ikkje kapasitet til å forsyne anlegget ved maks omsøkt uttak av vatn.

Veg

Ramsgrøvatnet: Ved etablering av dam i Ramsgrøvatnet vil det bli behov for å etablere tilkomst frå eksisterande fylkesveg for anleggsmaskiner og betongbilar. Dette utgjer ei kort strekning på nokre meter som med snuplass og mellombels bruksareal truleg ligg rundt 500 m². Det blir behov for å legge ut siltgardin og eit røyr som leiar bekken forbi der betongarbeida finn stad. Dette vil krevje noko areal, men alt innan nærområdet til damkroppen. Arbeida blir gjennomført på låg vassføring og seksjonsvis, for å påverke minst mogleg av tilgrensande areal. Anleggsvegen blir fjerna og areala tilbakeført til naturtilstand når anleggsarbeidet er ferdig.

Kvia inntaksbasseng: Traktorvegen inn må utbetrast for å tole belastninga av tyngre køyretøy. Vegen vil bli ca. 70 meter lang. Bredde på anleggsvegen blir ca. 3,5 meter. Ved anleggsslutt skal vegen behaldast som ein landbruksveg på ca. 3,0 meter. Dette vil bli utført i tett samarbeid med grunneigar.

Massetak og deponi

Frå inntaksbassenget i Kvia vil det bli tatt ut ein del lausmassar og noko fast fjell. Dei finare massane kan nyttast til oppfylling av landbruksområde tett ved. Eigna stein vert nytta til erosjonssikring langs Kviabassenget, og resten av massane er tenkt nytta til utviding av industriområdet ved utfylling i strandnært sjøområde. For utfylling og planering av industriområdet er det behov for meir masser enn utgraving av bassenget i Kvia kan bidra med. Det vert jobba med levering av eigna massar via sjøvegen.

Aralet av industriområdet er i dag 7,45 da, og det planlagde smoltanlegget treng at industriområdet vert utvida til ca. 16 da. Utvidinga vil vere todelt med noko areal som vert vunne ved å fylle ut massar i sjøkanten og ved å legge til noko areal bak dagens industriområde.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Dei aktuelle områda for uttak og regulering av vatn er avsett til LNF-område i kommuneplanen og tiltaket må handsamast som dispensasjon frå gjeldande kommuneplan. Området for settefiskanlegget er regulert til industri, men er ynskja utvida i nordleg og eventuelt austleg retning for å oppnå ønskt kapasitet. Utvidinga må ha dispensasjon frå gjeldande kommuneplan.

Verneplan for vassdrag

Salbuelva er ikkje omfatta av verneplan for vassdrag.

Nasjonale laksevassdrag

Ljonesvassdraget inngår ikkje i lista over nasjonale laksevassdrag.

Andre verneområde

Salbuelva er ikkje omfatta av vern etter naturmangfaldlova eller av vern etter kulturminnelova.

EU sitt vassdirektiv og vedtekne regionale forvaltningsplanar

Ramsgrøvatnet (vassførekomst-ID 082-28650-L) ligg til Ytre Sogn vassområde i Vestland vassregion. Innsjøen er karakterisert som «middels, kalkfattig og klar» i vassdirektivdatabasen «Vann-Nett», med økologisk tilstand «god». Salbuelva (ID 082-58-R) er karakterisert som «middels, svært kalkfattig type 1d, og humøs» i vassdirektivdatabasen «Vann-Nett», med økologisk tilstand «god»

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 27.05.2019 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen, Fylkesmannen og privatpersonar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Hyllestad kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet som omsøkt. Hyllestad kommune skriv at dei er innstilt på å gje dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel, og kjem attende til dette når detaljane er på plass i byggesak. Hyllestad kommune vil be om at utbyggjar tek omsyn til omgjevnadane under utbygging og at inngrep i terrenget vert så små som mogleg.

Fylkesmannen vil ikkje rå frå at det vert gjeve konsesjon til vassuttak frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet. Det må likevel vurderast om det bør etablerast vandringsveg for anadrom fisk forbi inntaksdammen. Det ligg ikkje føre tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å kunne vurdere kva konsekvensar vandringshinderet i inntaksdammen har på produksjonen av anadrom fisk. Fylkesmannen legg til grunn at det vert nytta fagleg ekspertise i detaljplanlegginga og under utbygginga, for å sikre at avbøtande tiltak får den tilsikta effekten.

Fiskeridirektoratet kan ikkje sjå at tiltaket vil ha vesentleg påverknad på fiskeri- eller akvakulturinteressene i området og har ingen merknadar til tiltaket.

Statens vegvesen viser til at det vert lagt opp til etablering av betongdam med overlaup som sikrar å ta unna ein 500- års flaum utan at vatnet kjem opp i fylkesvegen. Dersom det viser seg på eit seinare tidspunkt at konstruksjonen kjem i konflikt med fylkesvegen ber Statens vegvesen om at dei vert kontakta på eit tidleg tidspunkt. Statens vegvesen har elles ingen merknadar til saka.

Høyringsuttale frå 5 grunneigarar i Høydal. Grunneigarane i Høydal stiller ei rad spørsmål knytt til prosjektet.

- Vert det restriksjonar knytt til utslepp frå gardsbruka og anna næring som ligg ved vassdraget?
- Vert det restriksjonar for ei eventuell utbygging av vasskraft i Høydal?

- Vert Høydalsbrua forsterka eller utvida? Kjem Høydalsbrua til å tole eit eventuelt dambrot?
- Korleis vil utbyggar legge om elva når dammen skal byggjast? Kor skal røyret leggest? Skal det gravast under brua? Kva då med stabiliteten til fundamentet til brua/brukaret?
- Kor mykje vil Ramsgrøvatnet bli tappa ned under utbygginga av damanlegget?
- Kva kote kjem underkant fundament på?
- Er det fare for at vegen rundt Ramsgrøvatnet, Fv. 607, kan få setningar/utglidingar ved oppdemming og senking av vatnet?
- Grunneigarane stiller vidare spørsmål til beskrivelsen på nokre av bilda som er nytta til å beskrive vassføringa i elva. Dei meiner desse teiknar eit ukorrekt bilde av vassføringa når den er høg.

NVE vurderer at dette er spørsmål som må rettast til søkjar. Søkjar har svara på alle desse spørsmåla i søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane som er referert lenger nede i dette dokumentet, og som også ligg på våre heimesider.

Høyringsuttale frå seks rettighetshavarar i Salbuelva. Rettighetshaverane tek opp spørsmål knytt til vassrettar til kraftverk eller kverner, og kompensasjon for redusert vassføring i Salbuelva. Dette er privatrettslege forhold, som fell utanfor NVE si behandling av konsesjonssøknaden. Desse forholda må avklarast mellom søkjar og den enkelte rettighetshavar.

Kåre Vassenden meiner at risikovurderinga slik den kjem fram i søknaden er mangelfull. Det er ikkje gjort vurdering av ras frå Hornsnåva ned i Ramsgrøvatnet. Vidare er det ikkje gjort risikovurdering med tanke på is og isbryting i Ramsgrøvatnet. Vassenden viser til at overlaup på dam er betydeleg større en lysopning på brua like nedstraums, og stiller spørsmål om det ved snøsmelting/isgang og flaum vil kunne gi auka belastning på brukara. Kåre Vassenden viser vidare til at fritidseigedomen som ligg 200 meter nedstraums Ramsgrøvatnet ligg om lag fire meter over elva, ikkje ti meter over elva slik det vert opplyst i søknaden. Ved skildring av mogleg dambrot er det ikkje tatt høgde for at fritidsbustad har ei høgde over elva på knappe fire meter. Det vert vist til at eigedomen ved Vassenden i dag har tilgang til Ramsgrøvatnet med båt. Etter at demning er bygd vil det ikkje vere tilgang til vatnet, og dette må då kompensast/ivaretakast.

Havbruksgruppa i Hyllestad kommune ser positivt på etableringa. Dei meiner at tiltaket kan gi positive effektar for den økologiske tilstanden i vassdraget, og gi positive ringverknader for havbruksnæringa og næringsutvikling i kommunen.

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søkjar har i brev av 26.02.2019 kommentert høyringsuttalane.

«Vi har følgjande merknader til innkomne høyringssvar:

1 - Fiskeridirektoratet - 24112018

Ingen merknad

2 - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - 19122018

Neste vandringshinder

Beklaglegvis har det kome inn ein feil i søknaden med omsyn til avstand til neste vandringshinder etter Kvia dam. Rett avstand frå Kvia dam til vandringshinderet oppstrøms

som heiter Kvifossen er 335 m. Dette er retta opp i søknaden. Oppretta søknad er sendt til NVE.

Til merknaden om anadrom strekning

Dammen i Kvia har vore der i meir enn 100 år og det er grunn til å rekne med at dammen har vore effektivt vandringshinder for anadrom fisk i heile denne perioden. Salbu Produksjon eig ikkje dammen men har fått løyve til å bruke magasinet og til å utvide det noko. Dammen blir ikkje gjort noko med. Salbu Produksjon AS har ikkje ansvar for dammen, men ser det uansett som uheldig med tanke på spreiring av fiskesjukdomar til smoltanlegget om strekningen ovanfor Kvia skulle bli opna for anadrom fisk.

Fiskeproduksjon i elva.

Det er rett som fylkesmannen skriv at stasjon 2 er ovanfor Kvifossen. Stasjon 2 er likevel ein nokså typisk lokalitet for denne delen av elva ovanfor Kvia, og det går fram av biomangfoldrapporten at fisketettleiken på strekningen der stasjon 2 ligg er tynn, noko som truleg reflekterer produksjonspotensialet i elva på denne strekninga. Det er grunn til å rekne med at om ein bytta ut auren med laks så er det rimeleg at fiskeproduksjonen ville bli om lag på same låge nivå.

Vassføringar i vassdraget

Etablering av magasin i Ramsgrøvatnet vil medverke til at vassføringane i tørre periodar blir høgare i vassdraget enn dei er nå. Altså att vassføringar lågare enn alminneleg lågvassføring, som er vanleg i eit naturleg elvesystem, ikkje vil førekoma etter at magasinet i Ramsgrøvatnet er tatt i bruk. Dette vil bidra til ein betre tilstand for livet i elva, og altså eit tiltak som samsvarar godt med vassforskrifta. Flaumane blir i stor grad som nå men med plass i magasinet kan flaumtoppane bli litt lågare.

3 - Havbruksgruppa i Hyllestad kommune - 18122018

Smittespreiing

Viktig innspel frå Havbruksgruppa med omsyn til smittespreiing og at det ligg fleire matfiskanlegg i området som er visa på kart i høyringssvaret. Dette med smittefare er også presisert i søknaden og er knytt til at anadrom fisk ikkje bør sleppast forbi Kvia dam.

4 - Hyllestad kommune - 29112018

Kommunen tilrår konsesjon og peikar på at lokaliteten eignar seg særers godt til føremålet.

5 - Høyringsuttale frå 5 grunneigarar i Høydal - 18122018 (Høydal og Hauken)

Til pkt 1 og 2. Spørsmål om restriksjonar

Etablering av magasin i Ramsgrøvatnet og bruk av vatn frå vassdraget til smoltproduksjon legg ikkje avgrensingar på anna bruk av og i vassdraget.

Til pkt 3 og 4. Høydalsbrua

Dam og avløp er planlagt bygd slik at det ikkje blir auka påkjenning på brukar og bru. Dette kjem fram i detaljplanen som skal utarbeidast. Skulle det likevel, som konsekvens av damprosjektet, vise seg under detaljplanarbeidet eller seinare under anleggsarbeidet å oppstå behov for å sikre brua, så er dameigar ansvarleg for å gjennomføre slike tiltak.

Til pkt 5. Omlegging av elva i byggeperioden

Alle tekniske spørsmål knytt til bygging av dam og omløp i anleggsperioden med meir vil koma fram i detaljplanen som skal godkjennast av NVE og som blir tilgjengeleg for partane.

Det blir gjort grundige vurderingar av teknisk løysing for slikt omløp før endeleg val av metode.

Til pkt 6. Nedtapping av Ramsgrøvatnet

Nødvendig senking av Ramsgrøvatnet vil ikkje bli til lågare nivå enn omsøkt LRV. Meir eksakt informasjon kjem fram i detaljplanen som skal godkjennast av NVE og som blir tilgjengeleg for partane.

Til pkt 7. Kote underkant fundament

Sjå svar til pkt. 5 om teknisk detaljplan.

Til pkt 8 Veggen rundt Ramsgrøvatnet.

Det planlagde anleggsarbeidet vil ikkje senke vasstanden under omsøkt LRV og reguleringa vil ikkje auke flaumvasstanden i Ramsgrøvatnet utover naturleg flaumvasstand, altså ikkje utover dei flaumnivåa Ramsgrøvatnet har i dag. Statens Vegvesen har vurdert saka og har ikkje merknader til stabilitet.

Til pkt 9. Konsekvensklasse

Fagleg vurdering gjort av Sweco Norge visar at dammen kjem inn under konsekvensklasse 1

6 - Høyringsuttale frå 6 rettighetshavarar i Salbuelva - 10122018

Til pkt 1. ein rettighetshavar ikkje på lista

Salbu Produksjon har gått fram etter ei grunneigarliste vi fekk frå kommunen. Det mangla ein grunneigar; Else Huke . Så snart vi fekk kjennskap til denne feilen november 2018 vart brev med informasjon sendt til Else Huke.

Til pkt 3 Vassrettar til kraftverk eller kverner

Som omtalt i søknaden blir den einaste forskjellen for både bruksrettar og vassføringar at magasinet blir brukt til litt utjamning av vassføringane ved å sleppe litt meir vatn i tørre periodar. Det betyr og at magasinet tidvis kan vera med å ta bort dei største flaumtoppane som kanskje kan vera litt uheldige i dag og at elva får litt betre økologisk tilstand i periodar med naturleg låge vassføringar. Reguleringa som Salbu Produksjon søker om får ingen innverknad på etablerte bruksrettar i vassdraget.

Til pkt 4. kompensasjon for redusert vassføring i Salbuelva

Samme vassmengda som nå blir tilført Salbuelva etter ei regulering av Ramsgrøvatnet. Poenget med reguleringsmagasinet er litt utjamning av vassføringane særleg med tanke på å auke vassføringane i tørre periodar. Skulle det likevel oppstå situasjonar som nemnt i høyringsmerknaden vil Salbu Produksjon sjølvsagt finne økonomisk tilfredsstillande løysingar for partane dersom dette tema blir aktuelt.

Til pkt 5. Ansvar ved dambrot

Skulle det skje eit lite sannsynleg og uventa dambrot, som skaper skade, er det eit ansvar som kviler på dameigar.

7 - Kåre Vassenden - 17122018

Fleire av momenta som er tatt opp i denne fråsegna er svara på under andre høyringspartar og er derfor ikkje repetert her.

Eigedomsgrensar mm

Salbu Produksjon var ikkje kjent med dei nemnte eigedomstilhøva og har sett i gang arbeid for

å klarlegge eigedomsgrensene og eventuelle rettar knytt til Ramsgrøvatnet. Eventuelle manglar i vårt grunnlag blir oppretta og Salbu Produksjon vil søke å finne eigna og tilfredsstillande løysingar for alle partar. I utgangspunktet er det planlagt å legge dammen på Matrikelnr 1413-15/1.

Båtpalss

Når det gjelder eventuell båtplass for Vassenden vil løysning for dette bli vist i detaljplanen.

Risikovurdering

Spørsmål vedgåande ras og is knytt til Ramsgrøvatnet vurderast å ikkje bli forskjellig frå naturtilstanden. Dette bortsett frå at ispress på Høydalsbra truleg blir mindre fordi dammen vil halde tilbake isen. Livet i elva blir ivaretatt både i anleggsperioden med ein miljøoppfølgingsplan, og i driftsperioden med vandringsløp for fisk opp og ned forbi dammen. Risiko for flaumar blir litt redusert og reguleringa bidrar til å halde flaumane innanfor det som nå er naturlege flaumvariasjonar.

8 - Statens vegvesen - 11122018

Ingen merknad.»

Merknader innkomne etter synfaring

Det vart halde synfaring den 27.05.2019, der området med Ramsgrøvatnet og Salbuelva vart synfare. Under synfaringa vart det gitt høve til å komme med supplerande merknadar innan tre veker.

NVE har motteke følgjande merknader til søknaden etter synfaringa:

Tilleggsuttale frå 5 grunneigarar i Høydal. Grunneigarane i Høydal gjentek og stiller ei rad spørsmål knytt til prosjektet. Spørsmåla er stila til Salbu Produksjon AS som har svara ut spørsmåla direkte med grunneigarane.

- «1. Blir det restreksjonar for utslepp frå gardsbruka og anna næring, eventuelt nye bustader/hytter som ligg ved vassdraget som renn ut til Ramsgrøvatnet?
2. Om det skulle komme til å bli eit brudd/kollaps i ein gjødselkum ved eit av gardsbruka i Høydal, vil den det gjelder bli stilt økonomisk ansvarlig for eit eventuelt utslepp/skade overfor Salbu Produksjon AS?
3. Blir Høydalsbrua forsterka eller utvida? (lysopning). Om «nei» kvifor ikkje?
4. Kan de garantere at Høydalsbrua kjem til å tåle eit eventuelt demmebrudd?
- 5 a. Korleis vil utbygger legge om elva når dammen skal byggjast? b. Kor skal røyret legges? c. Skal det gravast under brua? d. Kva då med stabiliteten til fundamentet til brua (brukaret)?
6. Kor mykje vil Ramsgrøvatnet bli tappa ned under utbygginga av demma?
7. Kva Kote kjem underkant fundament på? Det må vel senkast under den kota for å få jobbe med fundamenta? Kva då med vegen rundt Ramsgrøvatnet, kan det bli utsklidning når vatnet blir senka so mykje?

8. a. Er det fare for at vegen rundt Ramsgrøvatnet, Fv. 607, kan få setningar/utglidningar ved oppdemming og senking av vatn?
9. Blir det regulering av Høydalsvatnet og Høydalstjernet under utbygging av dammen i Ramsgrøvatnet?
10. Ved ispropp i snøsmeltingsfasen, kva løysningar og tiltak vil de gjere for å unngå skader på bru og veg?
11. Kva konsekvenser vil det få for trafikken på Høydalsvegen under utbyggingsperioden?»

Tilleggsuttale frå 6 rettighetshavarar i Salbuelva. Rettighetshaverane stiller spørsmål knytt til privatrettslege forhold, som fell utanfor NVE si behandling av konsesjonssøknaden. Spørsmåla er stila til Salbu Produksjon AS som har svara ut spørsmåla direkte med grunneigarane.

- «1) Vi ønsker å presisere at privatrettslege avtaler må være på plass før noko arbeid kan iverksettes, som understreka av NVE.
- 2) For ordens skyld må det bekreftast utan atterhald at vi som har rettigheter i elva kan benytte disse uten begrensning.
- 3) Videre viser vi til punkt 3 og 4 i innsendt høyringsuttalelse datert 10. desember 2018, disse må og dekkas i detalj i avtalen mellom Salbu Produksjon og avsendere.
- 4) Pkt. 5 i samme innsendte høyringsuttalelse er ikkje besvart og dette vil vi ha bekreftelse på.
- 5) Vi gjer merksam på at det framleis er ein rettighetshavar til elva som ikkje er informert og ikkje har fått gitt tilbakemelding i saka.»

Tilleggsuttale frå Kåre Vassenden. Uttalen gjeld spørsmål knytt til privatrettslege forhold, som fell utanfor NVE si behandling av konsesjonssøknaden. Spørsmåla er stila til Salbu Produksjon AS som har svara ut spørsmåla direkte med grunneigar.

«Det vises til brev av 7.11.2018 angående Salbu Produksjon AS sin søknad om løyve til uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet i Hyllestad kommune, mitt svar av 17.12.18 og søker sine kommentarer til kommentarer innkommet datert 26.2.2019.

Det vises også til synfaring 27.5.2019 hvor jeg var representert ved min datter Eli K. Vassenden.

Det er en rekke punkter i mitt opprinnelige brev av 17.12. som ikke er kommentert av søker, og det hadde vært nyttig for alle parter om det ble avklart.

Eksempelvis:

- 1) Det gis ingen begrensninger for nåværende eller fremtidig drift på Vassenden gard begrunnet i at vannet fra Ramsgrøvatnet og Salbuelva brukes til smoltproduksjon og det bekreftes skriftlig. Likeså må det bekreftes at kvernrettighetene som 18/1 Vassenden har i tillegg til felles vannretter med øvrige beboere på Øen kan benyttes fritt og ikke båndlegges.
- 2) Synfaringen tydeliggjorde feil i søknad mht. høyde på fritidsbolig og det må hensyntas, likeså vurdering av privat bro på 18/1 Vassenden.

3) Det formodes at avsjekk søker skulle gjøre mht. eiendomsrett i Ramsgrøvatnet er avklart og at det bekrefter at jeg er grunneier i vatnet. Mht. spørsmål stilt under synfaring er det vesentlig å få avklart hvor demning planlegges plassert og hvor langt ut fra strandlinje rettighetene til 18/1 Vassenden går, både strandlinje langs fylkesvei og langs Høydalsvegen slik at demning ikke kommer i konflikt med dette.

4) Spørsmål under synfaring på hvordan man tenker å hindre vanngjennomtrenging, enten fra fylkesvei eller fra Høydalsvegen og inn på eiendommen 18/1 Vassenden er vesentlig, ettersom det antas at det ikke er solid grunnfjell begge steder. Forsegling mot et hevet Ramsgrøvatn må sikres.

5) Det noteres at 18/1 Vassenden vil få en ny båtplass i nærheten av dagens plass ved elveutløpet.

6) Risiko ved dambrudd og konsekvens av dette blir, såvidt jeg forstår, ivaretatt av NVE gjennom en grundig konsekvensutredning der alle risiki inklusive mulige ras vurderes. Det som imidlertid ikke er besvart i mitt opprinnelige brev er hva som skjer dersom dameier går konkurs og ikke lenger har ansvar som dameier, eller hvorvidt dameier er pålagt å forsikre for eventuelle skader nedenfor demning. Det ber jeg om at det blir besvart basert på krav fra NVE eller lovhjemler/kutyme.

7) Det må også inkluderes i risikovurdering at det som nevnt ikke er DAB/mobiltelefon eller internett-forbindelse i område, og Hyllestad kommune har besluttet at fiberutbygging for hele kommunen ikke skulle omfatte strekning fra Salbu til Fjalergrense. Dette er ikke kommentert verken fra Hyllestad kommune, søker eller NVE, men jeg antar at NVE tar dette med i risikovurderingen.

8) Bygging av demning - miljøhensyn: Dette vil kreve en vesentlig senking av Ramskrøvatnet, og det gir meg stor bekymring for hvordan livet og vannstand i Salbuelva skal ivaretas under bygging. Vannet skal, såvidt forstått under synfaring, ikke stoppes i elva under bygging av demning, noe som vil ivareta livet og faunaen i elva. Risiko for mulige faunaskader må unngås ettersom det er gytende fisk, ål, samt hekkende hegre, havørn, ravn, ender, og landdyr som oter, rev og hjort som ferdes i og langs elva. Under synfaringen ble det antydnet noe om rør som skulle legges, men det fremkom ikke klart hvor eller hva det innebar, så jeg antar det ikke vil berøre 18/1 Vassenden og heller ikke Salbuelva.

9) Risiko for utglidning av vei antar jeg vurderes av NVE og States Vegvesen sammen, ettersom det tidligere ikke er gitt konsesjon for regulering av Ramsgrøvatnet på grunnlag av risiko for utglidning av fylkesveg 607.

10) Avslutningsvis er det betryggende å få bekreftet at tiltaket ikke kan iverksettes uten avtale med grunneier som ivartar alle privatrettslige forhold.»

NVE si vurdering

Hydrologiske verknader av tiltaket

Vassinntaket til smoltanlegget er plassert om lag 3,8 km nedstrøms Ramsgrøvatn. Mellom dam Ramsgrøvatn og inntakspunktet er det eit nedbørfeltareal på 9,29 km² og dermed eit betydeleg uregulert tilsig. Settefiskanlegget nyttar eit nedbørfelt på 18,77 km² ved inntaket ved Kvia og middelvassføringa er berekna til 1,68 m³/s. Nedbørfeltet kan grovt delast i to omtrent like store areal; øvre del ned til utløp frå Ramsgrøvatnet på 9,48 km², og resten av feltet ned til inntaket ved Kvia som utgjer 9,29 km².

Innsjøprosent for delfelt Ramsgrøvatnet er 9,4 % og innsjøprosent for feltet nedstrøms til Kvia er 0,1 %. Nedbørfeltet til Ramsgrøvatn har ingen utprega flaumperiodar, men ein periode på våren og på hausten har noko høgare frekvens av flaumepisodar. Området er karakterisert som eit område med årsflaumar basert på kombinasjon av regn og snøsmelting. Nedbørfeltet ligg i eit område i Noreg som er registrert som svært nedbørrikt over heile året, samtidig med raske svingingar i vassføring. Lågaste vassføring opptrer gjerne om sommaren. 5-persentil sommar- og vintervassføring ved inntak i Salbuelva er begge berekna til 110 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 102 l/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 102 l/s heile året, mellom Kvia og sjø. Frå Ramsgrøvatnet er det planlagt å sleppe ei minstevassføring på minimum 55 l/s heile året.

Settefiskanlegget har eit varierende vassbehov gjennom året frå 75 l/s (4,5 m³/min) til 167 l/s (10 m³/min). Varigheitskurver viser at det i ca. 9 % av tida ikkje er nok vatn til å dekke uttak av 4,5 m³/min til settefiskanlegget og 102 l/s til minstevassføring, medan det i 15 % av tida vil vere for lite vatn til uttak av 10 m³/min og slepp av minstevassføring. Dette er basert på naturleg tilsig utan regulering av Ramsgrøvatnet.

Total avrenning frå vassdraget er berekna til å vere 53,4 mill. m³ i eit normalt år. Gjennomsnittleg planlagt vassforbruk på smoltanlegget er berekna til ca. 5,3 mill. m³ pr år som er ca. 10 % av årsavrenning.

For å sikre ein magasinreserve til å dekke opp vassbehovet til settefiskanlegget og minstevassføring i periodar med låg tilrenning er det planar om å nytte Ramsgrøvatnet som reguleringsmagasin. Det vert søkt om å regulere Ramsgrøvatnet 1,7 meter mellom HRV kote 145 og LRV kote 143,3. Dette skal sikre ein magasinreserve på om lag 1 mill m³.

I dei hydrologiske berekningane til søknaden er det nytta data frå 1986 til og med 2016, totalt 31 år. Det er plukka ut tre typiske år, eit tørt år (1996), eit år med middels forhold (1991) og eit vått år (2015). Berekningane viser at i det tørre året 1996 ville det vere tilstrekkeleg med ei reguleringshøgde på ca. 50 cm for å dekke kravet til minstevassføring og eit vassuttak på 167 l/s. Desse berekningane er basert på kalenderår.

Ser ein på heile perioden på 31 år finn ein at årsskiftet 2009-2010 hadde ein spesielt lang tørrperiode på 85 dagar. Berekna magasinkurve for Ramsgrøvatnet, med eit maks uttak på 167 l/s og slepp av 102 l/s i minstevassføring og berekna tilrenning, viser at magasinet ville vore tappa ned om lag 2,2 m utan vassparande tiltak. Tilsvarende er reguleringshøgde berekna til ca. 1 m ved uttak på 80 l/s og slepp av 102 l/s i minstevassføring.

I eit fullt utbygd smoltanlegg vil vassbehovet variere noko gjennom året etter kor stor fisken er og kor mykje saltvatn som vert nytta i produksjonen. I dei hydrologiske berekningane er følgjande vassforbruk gitt for eit fullt utbygd smoltanlegg.

Mnd		Q settefiskanlegget [m ³ /s]
Januar	1	0.079
Februar	2	0.105
Mars	3	0.123
April	4	0.112
Mai	5	0.116
Juni	6	0.123
Juli	7	0.123
August	8	0.123
September	9	0.123
Oktober	10	0.123
November	11	0.123
Desember	12	0.053

Tabell 7 frå søknaden

Berekna magasinkurve for Ramsgrøvatnet i måleperioden 1986-2016, viser at det i alle kjente år med uttak av reelt behov for driftsvann til smoltanlegget (tabell 7), vil vere nok vatn både til smoltanlegget og til alltid minst å holde alminneleg lågvassføring (102 l/s) på anadrom strekning. I det spesielt tørre året 2009-2010 viser berekna magasinkurve at med reelt uttak (jf. tabell 7), ville vatnet vore tappa ned om lag 1,1 m utan ekstra vassparande tiltak.

I lengre tørrperiodar vil settefiskanlegget i tillegg ha moglegheit til å sette inn ekstra vassparande tiltak som å auke graden av resirkulering for ein kortare periode. Det kan og vere mogleg å hente kaldare vatn frå djupare lag i magasinet, og nytte sjøvatn på den største fisken.

Dei hydrologiske berekningane viser at planlagt forbruk av vatn i eit normalår vil tappe lite frå magasinet, noko som betyr at vasstanden i Ramsgrøvatnet vil ligge kring HRV i store deler av tida. NVE vurderer at det er tilstrekkeleg magasinkapasitet i normalår til å ta ut 269 l/s (maks vassuttak 167 l/s + minstevassføring 102 l/s), men at det vil vere naudsynt å ta i bruk ekstra tiltak for å spare vatn i tørrår.

I søknaden er det i tillegg til uttak av vatn til settefiskanlegget vist til at det i situasjonar med anløp av brønnbåtar vil vere gunstig med tanke på miljø om Salbu Produksjon kan forsyne brønnbåtar med ferskvatn. Dette vil vere gunstig for miljøet fordi ein då slepp å gå langt (Florø eller Mongstad) med båtane for å fylle ferskvatn. Salbu Produksjon ønsker å nytte ein slik moglegheit når vassføringa i elva tillet det. Salbu Produksjon har komme med ytterlegare informasjon den 24.06.2020 om omfanget av dette uttaket:

«Uttaket vil kun være aktuelt når vannmengdene i vassdraget tillater dette, og skal ikke berøre minstevannføring i vassdraget, eller det behovet smolt produksjonen har. Uttaket skjer stort sett om høsten, med sporadisk uttak til andre tidspunkt på året. Omfanget er begrenset. En brønnbåt laster omlag 3200 m³, denne mengden blir tappet fra magasinet på Kvia, som er på omlag 9000 m³. Hyppigheten begrenser seg til etterspørselen, noe som medfører at det er vanskelig å sette et antall anløp. Vinter- vår sesongen blir sporadiske anløp med antall fra 0 til 6-7 anløp pr. mnd. Høstsesongen kan det bli noen flere anløp pr. mnd. Vi vil likevel sette klare premisser for uttaket, slik at dette ikke får konsekvenser for minstevassføringer, selve smoltproduksjonen og omgivelsene. Vi anser likevel at samlet vannuttak ikke vil overskride den søkte mengde på 167 l/s som snitt verdi gjennom året.»

NVE vurderer at uttak av vatn til å forsyne brønnbåtar slik som omsøkt er relativt avgrensa i mengde og at det ikkje kjem i konflikt med krav til slepp av minstevassføring. Etter NVE si vurdering vil det vere rom for uttak av vatn til dette føremålet når tilrenninga tilseier det. Eit uttak til dette føremålet må ikkje redusere magasinreserven i Ramsgrøvatnet. Det vil sei at uttak av vatn til å forsyne brønnbåtar berre kan finne stad når magasinet i Ramsgrøvatnet ligg på høgste regulerte vasstand (HRV).

Naturmangfald

Sweco har utarbeidd ein rapport for biologisk mangfald, og det er gjennomført feltarbeid med el-fiske, garnfiske, botndyrprøver og vassprøvetaking.

Området har eit utprega kystklima med relativt milde vintrar og mykje nedbør. Dette gir seg utslag i sterkt oseanisk vegetasjon med artar som er avhengige av høg luftfuktigheit. Området ved Ramsgrøvatnet inngår i sørboreal vegetasjonssone, medan området ved Kvia dam og nedre del av Salbuelva, utgjør ein overgang til den boreonemorale vegetasjonssona (Moen 1998).

I følge berggrunnskart N250 frå NGU består berggrunnen rundt Ramsgrøvatnet av diorittisk til granittisk gneis. Gneis er i hovudsak ein tungt løyseleg bergart som forvittrar svært sakte og dermed fører til ein fattig vegetasjon. Ved Salbuelva består berggrunnen av amfibolitt og glimmerskifer som begge forvittrar lettare og som gir eit meir næringsrikt jordsmonn.

Terrestrisk miljø

Vegetasjonen rundt Ramsgrøvatnet er prega av fattig røsslyng-blokkebærfuruskog, kystutforming (A3c). Vegetasjonen rundt Kvia dam ber preg av å vere omringa av jordbruksareal og busetnad. Tresjiktet er delvis rydda langs nordleg breidd, medan sørleg breidd og elvedalen både oppstraums og nedstraums er sterkt prega av planting/spreiing av sitkagran og europeisk lerk. I tillegg veks selje, ask og platanlønn i kantsona. I den tette barskogen langs Salbuelva oppstraums er botnsjiktet dominert av tette matter av furumose og sigdmosar.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar i Naturbase innanfor influensområdet. Det vart heller ikkje registrert nokon nye lokalitetar under feltarbeidet. For fugl og pattedyr er det ikkje angitt artar av nasjonal forvaltningsinteresse i Naturbase. Ramsgrøvatnet er djupt og det vart ikkje observert grunne områder som kan vere viktige for t.d. vadefugl ved vatnet. Det er ikkje registrert raudlista artar i influensområdet i Artskart. Det er ikkje registrert verdifulle funn knytt til terrestrisk miljø, og området vert vurdert til liten verdi.

Oppdemming og bygging av ny dam ved Ramsgrøvatnet vil føre til inngrep ved utoset, påverknaden vert vurdert som liten negativ for skogsområda ikring. Reguleringa av vatnet er heller ikkje venta å gi meir enn ingen til lite negativt omfang. Ny dam ved Kvia vil også gi nye inngrep med større damkonstruksjon, og mogleg vegetasjonsrydding rundt nytt vassmagasin. Sett i samanheng med allereie eksisterande menneskeleg påverknad i området rundt dammen, vert omfanget vurdert som lite negativt.

Ut frå dei opplysningane som ligg føre vurderer NVE at terrestrisk miljø i liten grad vert påverka.

Akvatisk miljø

Det er ingen ferskvasslokalitetar med spesiell status i Salbu vassdraget. I Ramsgrøvatnet er det registrert aure, røye og ål. Ål er ført opp som ein sårbar art (VU) på Norsk raudliste. Fiskeundersøkinga påviste ein tett aurebestand med småvaksen fisk i Ramsgrøvatnet. I elva på

anadrom strekning vart det påvist aure, laks og ål. Ovanfor anadrom strekning er det berre småfallen bekkeare i elva. Det var relativt låg tettleik av fisk på dei utvalde stasjonane.

Botndyrundersøkinga viste eit både artsrikt og individrikt samfunn i elva. Det vart funne fleire næringsfølsame og moderat forsuringfølsame artar. Det vart ikkje funne raudlista artar. Samla sett indikerer botndyrprøvene eit upåverka vassdrag. Med tanke på næringsstoff i ferskvatn vert status for elva klassifisert som god. Når det gjeld forsuring vert status sett til svært god.

Anadrom fisk har dei siste 100 åra gått ca. 350 m opp i Salbuelva til Kvia dam. Elvebotn er dominert av stor og noko mindre stein, og det er nokre små kulpar på strekninga. Før dammen vart bygd var truleg anadrom strekning om lag 340 m lengre, opp til Kvifossen. På bakgrunn av anadrom fiskestrekning og førekomst av ål er Salbuelva og Ramsgrøvatnet sett til middels verdi.

Oppdemming og bygging av dam i utløpet av Ramsgrøvatnet vil føre til endringar av innsjøen. Påverknaden blir i rapporten vurdert til middels negativ for den stasjonære auren då dammen kan utgjere eit vandringshinder ved låg vassføring. Reguleringa av Ramsgrøvatnet er elles venta å gi ingen til lite negativt omfang. Ein eventuell ny dam ved Kvia vil gi inngrep med konsekvens litt avhengig av type damkonstruksjon. Ettersom det allereie er ein etablert dam/vandringshinder her frå før vil ikkje påverknad bli noko særleg større enn den er per dags dato.

Med eit moderat uttak av vatn frå Kvia og slepp av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring både nedanfor Ramsgrøvatn og på anadrom strekning er det i rapporten vurdert at elvestrekninga vert lite negativt påverka av planlagt vassuttak. Med regulering av Ramsgrøvatn på ca. ein meter vil elvestrekninga i tørre periodar kunne få positiv nytte av reguleringa ved at naturleg tørre lågvassperiodar kan få høgare vassføring enn i naturtilstanden.

I rapporten vert samla vurdering av tiltaket sin konsekvens for akvatisk miljø vurdert til middels negativ konsekvens. Som avbøtande tiltak er det foreslått å sikre oppvandring av ål over ny Kvia dam og over eventuell dam i utlaupet av Ramsgrøvatnet. Gjennom dammen i utløpet av Ramsgrøvatnet vert det også etablert vandringsveg ned og opp for stadeigen stamme av aure. Det er vidare foreslått biotopiltak på anadrom strekning slik at denne elvestrekninga vert meir gunstig enn i dag for laks og sjøaure, både med tanke på overvintring, gyting og opphaldsplassar ved låge vassføringar.

Fylkesmannen viser til at miljørapporten vedlagt søknaden er mangelfull ved at naturlege vandringshinder og produksjonspotensialet for anadrom fisk på den opphavlege anadrome strekninga ikkje er vurdert. Fylkesmannen peikar på at strekninga frå dammen og opp til det naturlege hinderet, utgjør ein stor del av den opphavlege produksjonsstrekninga for anadrom fisk. Fylkesmannen vil ikkje rå frå at det vert gjeve konsesjon til vassuttak frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet, men meiner at det må vurderast om det bør etablerast vandringsveg for anadrom fisk forbi inntaksdammen.

Salbu Produksjon ynskjer ikkje å legge til rette for oppvandring av anadrom fisk og grunnjev dette med at Salbu Produksjon AS ikkje eig Kviadammen og slik sett ikkje har ansvar for å gjere tiltak tilknytt dammen. Dette med unntak av vandringsveg for ål over dammen som Salbu Produksjon tar ansvar for å bygge. NVE meiner at vandringsvegen for anadrom fisk må sikrast fram til naturleg vandringshinder i Kvifossen, og at eit naturleg avbøtande tiltak vil vere å bygge fisketrapp over dammen. At Salbu Produksjon ikkje eig Kviadammen er ikkje noko argument for at det ikkje kan gjerast tiltak på dammen. Dersom det gjennom ein ev. vassdragskonsesjon vert sett vilkår knytt til inntaksdam, kan dette løysast gjennom ein privatrettsleg avtale med eigar av dammen.

Salbu Produksjon meiner at opning for anadrom fisk forbi Kviadammen har svært avgrensa verdi samtidig som eit slikt kostbart tiltak vil gi uønskt smitterisiko for det planlagde smoltanlegget. NVE

vil peike på at alle nye resirkuleringsanlegg normalt vert bygd med reinsing av inntaksvatnet. Ein eventuell risiko for smitte vil då vere at det vert teknisk svikt i vassbehandlinga av vatnet som skal inn på anlegget, og at det er sjukdom på villfisk i elva. NVE vurderer at risikoen for dette er svært låg, det er i tillegg mogleg å innføre ein ekstra reinsebarriere for ytterlegare å sikre seg mot smitte. NVE ser at det vil vere ein ekstra kostnad med å etablere fisketrapp, men meiner dette er eit avbøtande tiltak og kostnad settefiskanlegget må ta høgde for når dei påverkar allmenne interesser og hentar vatn frå elva som er ein allmenn ressurs.

NVE vurderer at inntaksdammen ved Kvia er til stor skade og ulempe for anadrom fisk då den fungerer som ei fiskesperre. NVE meiner at det er ein føresetnad at anadrom fisk og ål skal kunne passere inntaksdammen. Dersom det vert etablert fisketrapp over dammen, og det blir sleppt minstevassføring, meiner NVE at tiltaket vil få ein positiv effekt med tanke på anadrom fisk og ål.

Vassforskrifta som er ein del av EU sitt vassdirektiv, har som mål å beskytte vassførekomstar mot inngrep og om mogleg forbetre tilstanden. Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter § 12 som seier at alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre skal settast inn for å avgrense ei negativ utvikling i tilstanden for vassførekomsten. NVE meiner at eit naturleg tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å redusere skadar og ulemper ved tiltaket er å etablere ei fisketrapp forbi inntaksdammen. Dette vil sikre vandringsvegen for anadrom fisk fram til naturleg vandringshinder og vil om lag doble anadrom strekning i forhold til i dag. NVE meiner at å auke anadrom strekning frå 250 m til 490 m vil ha stor verdi med tanke på å styrke lokal bestand av sjøaure.

Ei fisketrapp for sjøaure og laks vil truleg trenge minimum 300-500 l/s for å fungere optimalt, og planlagt slepp av minstevassføring er såleis for lågt til å sikre vandringsvegen gjennom fisketrappa. NVE vurderer likevel at det vil vere lengre periodar med tilstrekkeleg vassføring (meir enn 300-500 l/s), og mindre flaumtoppar som vil sikre oppvandring av sjøaure og laks. Når det gjeld vandringsvegen for ål vurderer NVE at denne er ivaretatt.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om Salbu Produksjon sitt anlegg legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 17.06.2020. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til settefiskanlegget finst det ål (VU), sjøaure og laks. Ei eventuell utbygging av Salbu Produksjon sitt anlegg vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5, gitt at det vert bygd fisketrapp forbi inntaksdammen slik at vandringsvegen for ål og sjøaure vert sikra.

NVE har også sett påverknaden frå uttak av vatn til settefiskanlegget i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. NVE meiner at tiltaket ikkje vil føre til større negative endringar av økosystemet i vassdraget over tid når det vert sett vilkår. Dersom det vert sett

krav om slepp av minstevassføring og det vert etablert fisketrapp forbi eksisterande inntaksdam, vil forholda bli noko betre enn dagens status for vassdraget. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggast særleg vekt.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette. Dette vil mellom anna vere aktuelt for å sikre opp- og nedvandring for sjøaure, laks og ål ved inntaksdam, samt vandring av aure og ål forbi utlapsedam i Ramsgrøvatnet.

Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Landskapet ved Ramsgrøvatnet og Salbuelva er kuppert og skogkledd med furuskog kring Ramsgrøvatnet, medan det er mykje planta gran nedover langs Salbuelva. Busetnaden er spreidd utover med sporadiske hus og småbruk, som i hovudsak er knytt til sjøen. Ramsgrøvatnet og Salbuelva er begge påverka av Fv. 607 som går langs vestsida av Ramsgrøvatnet, og langs store delar av Salbuelva heile vegen ned til Salbu. Eksisterande Kvia dam ligg i eit kulturlandskap med omkringliggande jordbruksareal. Nedre del av Salbuelva mot utløpet i Åfjorden er delvis kanalisert på eit tidlegare tidspunkt med steinsett breidd og gamle støttemurar.

I samband med regulering av Ramsgrøvatnet kan det bli ein liten endring i tilgang til båtbruk langs vatnet på grunn av reguleringshøgda. Det er likevel vurdert at dette ikkje vil verte noko stort problem då vasstanden berre i relativt korte periodar vil ligge vesentleg under HRV. Det er vurdert at moglegheita for jakt og fiske vil bli som før.

Ved Kvia vil det ikkje bli endringar av noverande tilkomst/bruk av området. Etter ferdigstilling av Kvia inntaksbasseng er det vurdert at tilkomst for landbruk og fiske vil bli noko betre.

Dei største inngrepa ved utbygginga er knytt til etablering av settefiskanlegget ved Åfjorden med utfylling, plastring av front mot Åfjorden og fornying og utbetring av dagens kaianlegg. Arealbruken og inngrep knytt til etablering av sjølv settefiskanlegget vert handsama av kommunen etter plan- og bygningslova og inngår ikkje i NVE si behandling etter vassressurslova.

NVE vurderer at etablering av dam og regulering av Ramsgrøvatnet vil gi noko negativ verknad for landskap- og friluftsliv. NVE vurderer samtidig at bygging av fisketrapp og opning av ei lenger strekning av elva for anadrom fisk vil vere positivt for fiske og friluftsliv.

Kulturminne

Det finnast ikkje registrerte kulturminne i influensområdet. Det omsøkte tiltaket inneber forutan utlapsedam i Ramsgrøvatnet ingen nye fysiske inngrep knytt til vassdraget. NVE vurderer derfor at kulturminne ikkje vil bli påverka av det planlagde tiltaket.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Det er vurdert at omsøkt tiltak ikkje vil føre til større endringar for vasstemperatur, isforhold og lokalklima.

Flaum, ras og skred

Det er gjort flaumvurdering for Ramsgrøvatnet i søknaden. Det omsøkte tiltaket påverkar vassdraget ved at det skal byggast ein dam i utløpet av Ramsgrøvatnet som gir ei reguleringshøgde på 1,7 m. Med planlagt overlaup på mellom 15 og 16 m vil dammen ikkje gi til flaumstigning i Ramsgrøvatnet utover naturleg flaumstigning i dag. Dammen blir ein betongdam som skal sikre å ta unna ein 500-års flaum utan at vatnet kjem opp i fylkesvegen der lågaste punkt ligg vel ein meter over HRV.

I høyringsrunda vart det stilt spørsmål kring flaum, erosjon og isgang i Ramsgrøvatnet og ev. auka belastning på Høydalsbrua som ligg like nedstraums dammen. Det vert og stilt spørsmål om det er fare for at fv. 607 som går langs Ramsgrøvatnet kan få setningar/utglidingar ved oppdemming og seinking av vasstanden. Søkjar vurderer at forholda ikkje vil bli endra i høve naturtilstanden, og at ispress på Høydalsbra truleg blir mindre fordi dammen i større grad vil halde tilbake isen. Risiko for flaumar vil bli noko redusert og reguleringa bidreg til å halde flaumane innanfor det som no er naturlege flaumvariasjonar.

For å klargjere ansvarsforhold knytt til eventuelle skader på veg skriv Statens vegvesen følgjande i brev 02.10.2019 til grunneigarar i Høydal og på Vassenden, kopi til NVE: «*Dersom det er tiltak som kan gjere skade eller vere til skade på vegen eller vegkroppen vil ein eventuell tiltakshavar alltid vere ansvarleg for dette. Det vil sei at dersom ein ser at ei eventuell regulering av vatn her påverkar vegen og vegkroppen så må tiltakshavar gjere tiltak for å hindre skadar på vegen og vegkroppen.*».

I høyringsrunda vart det og stilt spørsmål kring sikkerheit med tanke på dambrot. NVE sitt damtilsyn og kommunen vil følge opp sikkerheita knytt til dei ulike vassdragsanlegga i vassdraget, avhengig av anlegga sin konsekvensklasse. Fagleg vurdering gjort av Sweco visar at dammen kjem inn under konsekvensklasse 1. Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassen er bestemmende for dei krav til sikkerheit som stillast til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar. Skulle det skje eit dambrot, som skaper skade, er det eit ansvar som kviler på dameigar.

Vanleg drift av det omsøkte tiltaket er vurdert å ikkje påverke eller endre eventuelle erosjonsutfordringar nedover i vassdraget. I inntaksbassenget i Kvia skal det erosjonssikrast der det skal takast ut massar og det kan oppstå erosjonsrisiko.

Industriområde ved sjøen ligg ikkje i rasutsett område, men austleg del av Lifjellet er registrert som eit utstabilt fjellparti (lokalitet Lifjellet Øst). I søknaden vert det oppgitt at ras til sjøen som kan skape skadeleg flodbølge er vurdert av kommunen, for Salbu industriområde er dette ikkje vurdert å vere eit problem, då det ikkje blir naudsynt med bustad i område med overnatting.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Salbuelva var tidlegare drikkevasskjelde for Sørbøvåg. Hyllestad Kommune har bygd nytt vassverk med uttak av grunnvatn for Sørbøvåg. Det er ikkje kjent at nokon andre på strekinga nyttar seg av elva som drikkevasskjelde. Det omsøkte tiltaket hindrar ikkje vidare utnytting av vassdraget til drikkevassføremål. Det er vurdert at omsøkt tiltak ikkje vil føre til endringar for grunnvassførekomstane i området.

Fordelar for samfunnet

Ein konsesjon til vassuttaket slik det vert søkt om vil styrke det lokale næringsgrunnlaget og bidra til å sikre arbeidsplassar i distriktet og oppretthalde lokal busetnad. Fullt utbygd smoltanlegg vil gi 11-13 faste arbeidsplassar og vert vurdert som viktig for denne utkantkommunen. I tillegg kan det bli deltidstilsette i periodar med høg aktivitet på anlegget.

Oppsummering

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til settefiskanlegget må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå. I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Salbu produksjon AS sitt anlegg vil gi eit betydeleg bidrag til produksjon av smolt og auke i verdiskaping i regionen.

Dei største konfliktane med utbygginga er knytt til biologisk mangfald. Det vandrar sjøaure og ål opp i vassdraget. NVE vurderer at dagens fiskesperre ved Kviadammen, er til stor skade og ulempe for sjøaure og ål. NVE meiner at det er ein føresetnad at sjøaure og ål skal kunne passere inntaksdammen ved Kvia. Dersom det blir etablert fisketrapp og det blir sleppt minstevassføring frå inntaksdam, meiner NVE at tiltaket vil få ein positiv effekt med tanke på sjøaure og ål. Ved etablering av ny dam ved utløpet av Ramsgrøvatnet er det viktig at aure og ål vert sikra passasje forbi dammen. Med føresetnad om at avbøtande tiltak vert gjennomført, meiner NVE at verknadane for allmenne interesser kan aksepteraast.

NVE vurderer at etablering av dam og regulering av Ramsgrøvatnet vil gi noko negativ verknad for landskap- og friluftinteresser. NVE vurderer samtidig at bygging av fisketrapp og opning av ei lenger strekning av elva for anadrom fisk vil vere positivt for fiske og friluftsliv.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vannressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Salbu Produksjon AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til akvakulturlova

Etablering og utviding av akvakulturanlegg er tiltak som krev avklaring i forhold til mange lover og ulike myndigheiter. Tiltaket skal vere klarert i forhold til alle aktuelle lover før det ev. kan settast i verk. Før ein kan sende inn ein komplett søknad etter akvakulturlova må forholdet til vassressurslova vere avklart med NVE jf. pkt. 6.1.6 i Fiskeridirektoratets rettleiar og forskrift om samordning og tidsfristar i behandling av akvakultursøknader § 3 (FOR2010-05-18-708). Dette inneber at ein komplett søknad etter akvakulturlova må innehalde ein konsesjon etter vassressurslova (§ 8) eller eit vedtak om konsesjonsfritak (§18) til den konkrete etableringa eller utvidinga.

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplaner. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Fylkesmannen om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndighet til å gje vilkår etter forureiningslova.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring, etablering av fisketrapp og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Reguleringsgrenser, uttak av vatn og slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og vassuttak er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	m ³ /s	1,68
Alminnelig lågvassføring - Ramsgrøvatnet / Kvia	l/s	55 / 102
5-persentil sommar - Ramsgrøvatnet / Kvia	l/s	60 / 110
5-persentil vinter - Ramsgrøvatnet / Kvia	l/s	57 / 110
Største vassuttak	l/s	167

Reguleringsgrenser

Følgjande reguleringsgrenser for Ramsgrøvatnet ligg til grunn for konsesjon gitt av NVE:

Høgste tillate reguleringsgrense (HRV), kote	145,0
Lågaste tillate reguleringsgrense (LRV), kote	143,3

I søknaden vert det søkt om å regulere Ramsgrøvatnet mellom HRV kote 145,0 og LRV kote 143,3. Reguleringa gir ein magasinkapasitet på om lag 1 mill. m³. Normalvasstand vert oppgjeve til ca. kote 144,3. I høyringsrunda er det få innspel knytt til regulering av Ramsgrøvatnet. Det vert uttrykt uro for at auka regulering kan gi erosjon og flaumskade på fylkesveg 607 og vegbru til Høydal. Det vert og vist til at auka nedtapping, spesielt om sommaren, kan føre til problem knytt til tilkomst og bruk av vatnet med båt.

NVE vurderer at Ramsgrøvatnet har stor variasjon i vasstand ut frå dei naturgjevne føresetnadane med eit relativt trangt utlaup. NVE meiner at det med ei aktiv regulering for å ta unna flaumtoppane er mogleg å dempe svingingane i vasstand noko, slik at flaumtoppane ikkje vert høgare enn i dag. Dette føreset at det vert etablert eit breitt overlaup som tek unna høge vassføringar, ev. ekstra tappemoglegheiter gjennom tappeluker.

Variasjonar i vasstand og nedtapping av Ramsgrøvatnet vil bli noko større enn dagens situasjon. NVE vurderer at desse variasjonane likevel er akseptable for friluftsliv og andre brukarinteresser. NVE vurderer vidare at magasinkapasiteten er god og at denne saman med naturleg tilsig vil sikre stabil vassforsyning til det planlagde settefiskanlegget gjennom heile året også i tørrår.

NVE fastset at Ramsgrøvatnet kan regulerast 1,7 meter mellom LRV kote 143,3 og HRV kote 145,0.

Det skal settast opp merke ved Ramsgrøvatnet som viser høgste og lågaste regulerte vasstand, og eit informasjonsskilt som informerer om vilkåra for reguleringa. Dette skal plasserast godt synleg for ålmenta. Utforminga av skilt og merking inngår som ein del av NVE si oppfølging etter post 4 i vilkåra.

Uttak av vatn

Vassuttaket skal avgrensast til maksimalt 167 l/s (10 m³/min).

Tiltakshavar har ansvar for å tilpasse vassuttak og produksjon slik at vassressursen vert forvalta på ein berekraftig måte. Vassressursen skal forvaltast slik at vilkåra knytt til reguleringsgrenser og slepp av vatn til ei kvar tid vert overhalde, også i tørrår.

Det skal monterast vassmålar i settefiskanlegget og vassuttaket skal loggførast kontinuerleg. Data må kunne leggast fram for NVE på førespurnad.

I søknaden er det i tillegg til uttak av vatn til settefiskanlegget vist til at det i situasjonar med anløp av brønnbåtar vil vere gunstig med tanke på miljø om Salbu Produksjon kan forsyne brønnbåtar med ferskvatn. Etter NVE si vurdering vil det vere rom for uttak av vatn til dette føremålet når tilsig frå nedbørfeltet tilseier det. Eit uttak til dette føremålet må ikkje redusere magasinreserven i Ramsgrøvatnet. Ekstra uttak av vatn til å forsyne brønnbåtar kan berre finne stad når magasinet i Ramsgrøvatnet ligg på høgste regulerte vasstand (HRV).

Slepp av vatn

Som avbøtande tiltak foreslår Salbu Produksjon AS å sleppe ei minstevassføring på 55 l/s heile året frå dammen ved utløpet av Ramsgrøvatnet, og 102 l/s ved inntaksdammen i Kvia.

Ingen av høyringsinstansane har spesielle merknader til foreslått slepp av minstevassføring.

Det vandrar anadrom fisk opp i vassdraget og ei minstevassføring vil vere eit positivt bidrag for i sikre gyte- og oppvekstområder nedstraums inntaksdam i Kvia. Det er aure og ål i Salbuelva nedstraums Ramsgrøvatnet, og utlaupselv frå Ramsgrøvatnet fungerer som gyteområde for auren i vatnet. Slepp av minstevassføring frå reguleringsdam i Ramsgrøvatnet vil sikre gyte- og oppvekstområde for aure i Salbuelva og vandringsveg for ål.

Ifølge hydrologiske data som følger konsesjonssøknaden vil det vere tilstrekkeleg med vatn også i tørrår til slepp av omsøkt minstevassføring og vassuttak.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring heile året på 55 l/s frå dammen ved utløpet av Ramsgrøvatnet, og 102 l/s ved inntaksdammen i Kvia. Dersom tilsiget ved inntaket er mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi inntaket.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal kunne leggast fram på førespurnad frå NVE, og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for ålmenta. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planer skal leggast fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt til NVE og vedtak må vere fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for kva krav til sikkerheit som vert stilt til planlegging, bygging og drift og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnader:

Dam ved utløp Ramsgrøvatnet	Detaljplanar for bygging av ny dam, med teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring, og fiskepassasje skal godkjennast av NVE.
Inntaksdam i Kvia	Eksisterande inntaksdam i Kvia skal nyttast. Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring, og fiskepassasje for anadrom fisk (sjøaure og laks) og ål, skal godkjennast av NVE.
Vassveg	Eksisterande plastrør (2 stk) som ligg nedgrave frå inntaksdam i Kvia til industriområde skal nyttast. Det skal legges eit nytt rør med utvendig dimensjon Ø315 mm. Nytt røyr skal følgje same trase som eksisterande røyrgate og gravast ned.
Største vassuttak	Søknaden oppgir 167 l/s (10 m ³ /min).
Vassuttak til brønnbåtar	Ekstra uttak av vatn til å forsyne brønnbåtar kan berre finne stad når magasinet i Ramsgrøvatnet ligg på høgste regulerte vasstand (HRV).
Veg	Traktorvegen fram til inntaksdam i Kvia må utbetrast for å tole belastninga av tyngre køyretøy. Vegen vil bli ca. 70 meter lang. Bredde på anleggsvegen blir ca. 3,5 meter. Ved anleggsslutt skal vegen behaldast som ein landbruksveg på ca. 3,0 meter.
Avbøtande tiltak	<p><u>Dam Ramsgrøvatnet</u> Det skal leggjast til rette slik at fisk kan passere forbi dam ved utløpet av Ramsgrøvatnet. Fiskepassasje må fungere både for aure og ål. Teknisk løysning for fiskepassasje skal godkjennast av NVE.</p> <p><u>Inntaksdam i Kvia</u> Det skal leggjast til rette slik at anadrom fisk (sjøaure og laks) og ål kan passere forbi inntaksdam i Kvia.</p> <p>Det skal byggast ålegitter som kan monterast framfor inntak til settefiskanlegget, med lysopning på maksimalt 0,9 cm.</p> <p>Nøyaktig, teknisk utforming av dei avbøtande tiltaka for anadrom fisk og ål skal planleggast i samråd med ein fagleg kvalifisert person. NVE har ansvar for endeleg godkjenning gjennom godkjenning av detaljplanen.</p> <p>Opp- og nedvandring skal videoovervakast, eller på annan måte dokumenterast. Dokumentasjon på at tiltaka for anadrom</p>

	fisk og ål fungerer etter hensikt skal leggest fram for NVE sitt miljølitsyn etter første driftsår og deretter ved behov.
--	---

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterlegare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre forhold

Privatrettslege forhold

I samband med høyring av søknaden har NVE mottatt fleire høyringsuttalar som omhandlar private rettigheter og bruk av vassressursen. Dette er privatrettslege forhold, som fell utanfor NVE si behandling av konsesjonssøknaden. NVE viser til at det er tiltakshavar sitt ansvar å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området før utbygging kan finne stad. Det er ikkje søkt om eller gitt løyve til oreigning i samband med søknaden.

Inhabilitet

Eit spørsmål som har komme er kravet om «*armlengdes avstand og uhildet sammenblanding*» då styreleiar i Salbu Produksjon AS, Arve-Rune Holmeseth, er tilsett i Sweco som er same firma som har stått for vedlegg 3 og 4 i søknaden, Hydrologirapport og Biomangfaldrapport.

NVE meiner at Sweco kan stå for utgreiingane i samband med søknaden sjølv om Arve-Rune Holmeseth er tilsett i same firma. NVE har vore klar over dette forholdet og har kvalitetssikra søknaden før den vart sendt på offentleg høyring. Det avgjerande for NVE er at utgreiingane er av god fagleg kvalitet, slik at høyringspartane får eit tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag for å gi uttale, og for NVE til å fatte vedtak.

Nedlegging av vassdragsanlegg

I høyringsrunda vart det stilt spørsmål knytt til ansvarsforhold dersom dameigar går konkurs. Det følger av vassressursloven § 41 at dersom eigar av vassdragsanlegg ikkje lenger ynskjer å halde anlegget ved like, skal anlegget fjernast og vassdraget så langt som mogleg tilbakeførast til forholda slik dei var før anlegget var bygd. Dersom anlegga ikkje lenger kan/skal nyttast, skal dei i tråd med vassressurslova fjernast. NVE presiserer at det må meldast eller søkast om konsesjon for ei slik nedlegging.

Det følger også av vassressurslova § 41 at dameigar også skal gi alle eventuelle interesserte underretning i god tid før ei evt. nedlegging, slik at desse eventuelt kan ha moglegheit til å overta damanlegget.